

Øy Nytt

Kyrkjeblad for Øygarden



Dei tre vise menn på PLUSSklubben
sin adventsfest på Oen bedehus



I dette nummeret kan du m.a. lesa:

Redninga i Atlanterhavet	Side 4
«Det lyser i stille grender»	Side 6
Når nokon døyrr	Side 11
Bankande hjarte for «Open Heart»	Side 16



Eit 70-årsminne:

«I slik ei natt»

Titelen kjem frå ein norsk spelefilm frå 1958 om jødar på flukt frå arrestasjon og død, og ei dokumentarbok frå 1994, der Kristian Ottosen skriv saga om deportasjonen av jødar frå Noreg.

Dette er ei talande og særskild aktuell overskrift i dag og. For når eg skriv dette, mandag 26. november 2012 er det 70 år sidan 532 jødar, av dei 302 menn, 188 kvinner og 42 born vart sende med frakteskipet «Donau» som gjekk frå Oslo til Stettin (no Szczecin). Etter ein togtur kom dei til utryddingsleiren Auschwitz (no Oświęcim).



Markering på Akershuskaia

I dag sa Oslo Biskop Ole Chr. M. Kvarme m.a.: «Denne novembermorgen minnes vi de norske jødene som for 70 år siden ble deportert og sendt til fornedrelse, tortur og død i Auschwitz. Vi minnes dem i ærbødighet og hedrer deres minne. Det er en minnedag som også vekker oss opp fra likegyldighet Deportasjonen skjedde, ikke fordi de hadde forbrutt seg mot lov og orden, men ene og alene fordi de var jøder. Mange nordmenn bistod nazistene i deres storaksjon, enda flere var likegyldige. I dag erkjenner vi at også vår kirke var unnfallende i sitt forhold til jødene før og under okkupasjonen, til tross for kunnskap om det som skjedde i Det tredje rike. Først etter at alle jødiske menn over 15 år var arrestert 26. oktober samme år, ble det reagert. Men kirkens protest mot forfølgelsen og overgrepet kom for sent...»

Innleiande tiltak

Eit målmedvite arbeid i nazistisk ånd over fleire år lå bak desse forferdelege

hendingane. I 1940 budde omlag 2200 jødar i Noreg. Men alt frå slutten av 1930-åra hadde tyske styresmakter teke til med å skaffe seg oversikt over dei. Etter okkupasjonen 9. april vart det laga lister over jødiske verksemdar, forretningsfolk, synagogar og foreiningar.

Kort tid etter den tyske invasjonen byrja jødane å merke trakassering, yrkesforbod og hærverk mot eigedomane sine. Politi og andre styresmakter kom raskt med ymse tiltak som bar bod om eit vanskeleg tilvære for jødane.

I mai 1940 tok norsk politi radioane frå dei etter ordre frå tyskarane. Og i samband med den tyske invasjonen av Sovjetsamveldet i juni 1941 vart ein god del jødiske menn arresterte av tyskarane.

Seinare måtte alle jødar i landet møte opp på nærmaste politi- eller lensmannskontor og få stempla ein raud «J» i legitimasjonskortane sine. Jødar måtte òg gje opplysningar om seg sjølv og familiane sine i eit eige «spørreskjema for jøder».

Hausten 1942

I oktober 1942 vart så den fyrste «jødeaksjonen» sett i verk. Dei mannlege jødane i Trondheim vart arresterte den 6. og 7. oktober og i resten av landet den 26. oktober. Kvinner, barn og eldre fekk førebels gå fri mot dagleg meldeplikt hos politiet.

Den andre aksjonen mot jødane kom ein månad seinare, altså for 70 år sidan, den 26. november 1942. Då vart òg jødiske kvinner, barn og eldre tekne. Dei fleste av mennene som var tekne ein månad før, hadde vore haldne i Statspolitiet sin interneringsleir Berg ved Tønsberg. Saman med dei fleste av dei som vart tekne i den andre aksjonen, vart mennene frå Berg sende til Oslo og tekne om bord i «Donau» som same dag gjekk til Polen frå Amerikalinjen sin kai i Oslo, rett ved Havneleret.

I tillegg til dei som vart med i den store transporten, vart mindre grupper med jødar sende frå Noreg med skipa «Gotenland» og «Monte Rosa». Dette gjaldt m.a. ein del av dei som vart tekne

den 26. november, men som ein ikkje rakk å få sendt til Oslo i tide for å få dei med på «Donau». Av desse vart 158 deporterte med «Gotenland» den 25. februar 1943. Til saman vart 771 jødar deporterte frå Noreg.

Berre 34 av desse overlevde.

Ord frå Bispemøtet

Bispemøtet i Dnk har hausten 2012 laga ein uttale i samband med dette triste 70-årsminnet, der dei seier:

«Idag erkjenner vi at også kirken var unnfallende i sitt forhold til jødene før og under okkupasjonen, og at den var for sent ute med sin protest mot antisemitismen og jødeforfølgelsen.»

Aldri meir!

Meir enn tusen jødar vart ikkje tekne. Mesteparten flykta til Sverige eller Storbritannia, kor dei vart mottekne som flyktningar. Eit titalls personar klarte òg med god hjelp å halda seg i skjul i Noreg gjennom heile krigen.

Mange i politi og byråkrati utførte diverre ordre i jødeaksjonane. Men det må òg ha vore ein god del som gav åtvaringar og lot jødiske familiar kome unna. Motstandsørsla og grenselosane gjorde òg ein stor jobb med å hjelpe jødar til å rømme. Gode førebilete for seinare generasjonar!

Bergensdiktaren Arnulf Øverland skreiv nesten profetisk i 1937:

«Du må ikke sitte trygt i ditt hjem og si: Det er sørgelig, stakkars dem! Du må ikke tåle så inderlig vel den urett som ikke rammer deg selv! Jeg roper med siste pust av min stemme: Du har ikke lov til å gå der å glemme!»

Her er ikkje noko å leggja til, utover dette:

Må dette aldri hende att!
-Aldri meir-«Slik ei natt»!



Min salme

*Jeg er så glad hver julekveld, for da ble
Jesus født; Da lyste stjernen som en sol, og
engler sang så søtt.*

*Det lille barn i Betlehem, Han var en
konge stor som kom fra himlens høye slott
ned til vår arme jord.*

*Nå bor han høyt i himmerik, Han er Guds
egen Sønn, men husker alltid på de små og
hører deres bønn.*

*Jeg er så glad hver julekveld, da synger vi
hans pris; da åpner han for alle små sitt
søte paradis.*

*Da tenner moder alle lys, så ingen krok
er mørk; hun sier stjernen lyste så i hele
verdens ørk.*

Tekst: Marie Wexelsen – Melodi: Peder Knudsen
Songen har til saman 9 vers!



Sidan eg skal skrive min salme til julenummeret av ØyNytt, har eg lyst å ta med ein julesong. Det er nok mange eg kunne velja og det er mange fine julesongar. Min «julesalme» er ein eg lærte då eg var lita, endatil før eg tok til på skulen. Eg hugsar førjulskveldane då eg gjekk opp trappa til mine besteforeldre. Der lærte eg julesongane!

Vi hadde ikkje jule-CD eller musikk på data og mobiltelefon i dei dagar! Men kveldsstundene hos besteforeldra mine hadde eg, og der lærte eg julesongane. Særleg hugsar eg «Jeg er så glad hver julekveld». Eigentleg veit eg ikkje kvifor den står fram blandt julesongane, men kanskje fordi julekvelden er nevnt og som barn såg eg veldig fram til den kvelden. Seinare har også dei andre orda i songen gjeve meining. Her er juleevangeliet presentert gjennom songen, men ikkje berre om barnet som vart fødd i Betlehem, men også den Jesus er idag. «Han er Guds egen sønn og husker alltid på de små og hører deres bønn» Dei små er ikkje berre barna, men dei som treng Jesus til å «skinne på min vei, da kommer jeg til Gud». Dette er ein av dei songane som eg lærte som barn, men som har vokse saman med meg og har større meining no enn då eg først lærte å bli glad i denne songen.

Ta deg tid å synge/lese songen.

Eg vil og nytte høve å ynskje God jul og Godt nyttår til ØyNytt sine lesarar.

Til neste ØyNytt utfordrar eg Kjersti Kårbø.

TILBOD TIL LITEN OG STOR I ØYGARDEN

Øygardskoret

Syng alt frå kyrkjemusikk til viser. Øver kvar tysdag i Hjelme kyrkje kl. 19.30–21.30.

Kontaktperson: Anne Lise Grøm (918 81 208)

Barnekantoriet

2.–4. klasse øver kvar fredag på Alvheim skule frå 14–15.

5.–7. klasse øver kvar tysdag i Hjelme kyrkje frå 13.15–14.

Kontaktperson: Anne Lise Grøm (918 81 208)

Gospel Teens

Gospelkor for deg mellom 10 og 18 år. Øver annankvar tysdag i Blomvåg kyrkje frå 17.30–19.30.

Kontaktperson: Olaug Rong (971 94 484)

Ichtyus

Ungdomsklubb på Vik bedehus for ungdom frå 8 klasse.

Andakt, lovsong, kafé og underholdning. Annankvar lørdag i partalsveker frå kl. 20.30–23.00.

Kontaktperson: Ingrid Blom (959 19 506)

Plussklubben

Klubb for 5.–8. klasse for heile Øygarden. Samlast ein onsdag i månaden på Oen bedehus frå kl. 19.00–21.00. Lappar vert levert ut på skulane.

Kontaktperson: Linn Andersen (992 43 379)

KRIK

Idrett og andakt. Toftøy skule kvar fredag frå kl. 19.00–21.00. Kontaktperson: Martin Jonas Hellesund Nakken (92646561)

KRIK 18+ (Nytt tilbod!)

Idrett og andakt for deg over 18! På Kulturhuset annankvar torsdag frå kl. 20.00 og utover.

Kontaktperson: Therese Dale (464 50 862)

Eldretreff på Tednebakkane

Ein torsdag i månaden i kantina på Tednebakkane frå kl. 16.30. Kontaktperson: Bjørg Blom (478 16 181)

Eldretreff i Hjelme kyrkje

Ein onsdag i månaden i kyrkja frå kl. 16.45.

Kontaktperson: Bjarne Skjold (481 44 284)

ADVENT 1953: REDNINGA I ATLANTERHAVET

Mange hugsar enno Amerikalinjen (NAL) sitt vakre skip «Stavangerfjord». Ho kryssa Atlanteren heile 770 gonger i ruta si mellom New York City og Noreg mellom 1918 og 1963. Onsdag 9.desember 1953 var den store passasjerbåten på veg frå kaien sin i Hudson River til heimlandet. Ho skulle vera «Amerikabåt» og «julebåt» på ein gong. I begge mastane var juletre festa. Ja, det var óg ein slags «advent» når «Amerikabåten» kom før jull



Fredag 4. desember la skuta ut frå «Pier 42» på Manhattan, på den 256. turen hennar over Nord-Atlanteren. I byrjinga gjekk alt bra, skuta la Sambandsstatane sin austkyst bak seg i godvær og bris frå sørvest. Men mandagskvelden auka vinden. Og stormen auka til orkan.

Om lag eit døger frå Cape Race (som er søraustspissen av Newfoundland), mista den store båten roret, og fekk øydelagt rorstammen i voldsom sjø. Det gjekk ikkje an å styra lenger. Ein annan av NALs båtar, «Lyngenfjord» kom til med slepar, men han brakk tvert av. Eit forsøk frå ein engelsk taubåt vart óg mislukka.

Kva skulle kaptein Olaf Bjørnstad gjere? Han hadde ansvar for 644 passasjerar, eit mannskap på 296 og 1050 tonn med last. Han bestemte seg til å styra med propellane. Den eine skulle gå for fullt heile tida, og den andre på omgang «fram-og attende». Slik skulle skipet freiste å halde stø kurs. Men det vart ei slitsam veke for maskinfolka med chieffen Odin Danielsen i spissen. 13.000-14.000 ordre gjekk frå brua til dei i maskina i denne tida! Etterkvart kom farten opp i 12 knop, mot dei vanlege 17.

2 døger etter ruta, torsdag 17.desember kunne «Stavangerfjord» endeleg legge til hamn ved NAL sin kai i Oslo. Kvelden før hadde kaptein Bjørnstad reist seg under Captain's Dinner og sagt at «Stavangerfjord» hadde klart stormen like godt som noko anna skip nokon gong. Både passasjerar og mannskap var redda.

Seinare fortalde kapteinen at han hadde knelt ned i styrehuset og bedt til Gud om hjelp i nauda.

Livet kan by på hard seilas. Og stormane i livet kan få oss ut av kurs. Sjølv finn vi ikkje vegen. Det kan kosta å nå fram til målet.

Advent-og julehøgtida handlar om at Jesus kom til vår jord for å redde dei som strevar i livets stormar. At Jesus kom til jord er Guds store redningsak-

sjon så kvar og ein av oss kan nå Trygg Hamn i Himmelen.

Held vi kursen etter Guds Ord når vi fram!

Lat oss be med Salme 119 denne høgtida:

«Eg søkjer deg av heile mitt hjarta, lat meg ikkje villast bort frå dine bod! I hjarta gøymer eg ditt ord, så eg ikkje skal synda mot deg.»
(Sal.119,10–11)

Fr.Svønn

Kjelde: Aftenbladet



Bilete: World Ship Society Port of New York Branch/Theodore W. Scull Collection
Ukjend passasjer, Stavangerfjord

ELDRE TREFF I VÅRSEMESTERET 2013

Blomvåg:
Kantina på Tednebakkane
torsdagar kl 16.30
24. januar
21.februar
21. mars
18. april
23. mai

Hjelme:
I kyrkjelydssalen
kl 16.45
16. januar
20. februar
20. mars
17. april
15. mai

Felles tur i juni

KJÆRE ØYGARDSVEN

Me er inne i ei travel førjulstid. Mitt ynskjer for denne tida er at den ikkje berre vert fylt med stress og kav, men at me finn tid og rom for kos og hygge med familie og vener. Det er nokon som treng deg eller det kan vera at du treng nokon som ser deg og har tid til deg, nettopp i denne tida før jul. Del omsorg og varme med kvarandre.

Nokon av dykk har mista ein kjær dette året, for dykk vert nok jula spesielt krevjande. Ved høgtider kjem minna sterkare fram. For oss i Øygarden vart året 2012 spesielt då Alexander Dale Oen brått døydd i vår. Ein markant flott ungdom var brått borte. Våre tankar går til alle som har mista nokon dette året.

*La oss ha fokus på det viktigaste i adventstida: Barnet i krybba i Betlehem som kom til jorda for deg og meg.
Du ser kanskje Jesus som barnet i krybben, og hyrder på marken og vismenn på kne, med stjerner som stråler og engler som synger, gir stemningsfull glede og budskap om fred.*

SAMLING I KYRKJENE I DESEMBER

Tirsdag 11. des. kl. 10:00 i Blomvåg kyrkje	Barnehagegudsteneste med Terna, Toftøy og Familiebarnehagene.
Torsdag 13. des kl. 19:00 i Blomvåg kyrkje	Konsert med Rong brass. Sang ved Kine Oen.
Fredag 14. des kl. 10:00 i Hjelme kyrkje	Barnehagegudsteneste med Tjeldstø og Breivik barnehage.
Søndag 16. des kl. 11:00 i Blomvåg kyrkje	Familiegudsteneste v/ vikarprest. Born deltek. Dåp.
Søndag 16. des kl. 18:00 i Hjelme kyrkje	Vi syng jula inn med Barnekantoriet, Øygardskoret, Rong skulemusikk og gruppe frå Rong brass
Onsdag 19. des kl. 09:00 i Blomvåg kyrkje	Skulegudsteneste med Rong skule
Onsdag 19. des kl. 10:00 i Blomvåg kyrkje	Skulegudsteneste med Toftøy skule
Torsdag 20. des kl. 10:00 i Blomvåg kyrkje	Skulegudsteneste med Øygarden Ungdomsskule
Fredag 21. des kl. 08.45 i Blomvåg kyrkje	Skulegudsteneste med Blomvåg skule
Fredag 21. des kl. 11:00 i Hjelme kyrkje	Skulegudsteneste med Alvheim/Bakken skule
Julafta 24. des kl. 11:00 på Tednebakkane	Julaftangudsteneste v/ Svenn Martinsen
Julafta 24. des kl. 14:30 i Blomvåg kyrkje	Julaftangudsteneste v/ Svenn Martinsen. Renate Sæle og Kine Oen frå Rong brass deltek
Julafta 24. des kl. 16:00 i Blomvåg kyrkje	Julaftangudsteneste v/ Svenn Martinsen. Song av Gospel Teens
Julafta 24. des kl. 16:00 i Hjelme kyrkje	Julaftangudsteneste v/ vikar. Barnekantoriet syng og Belinda Hellesund frå Rong brass deltek
1. juledag 25. des kl. 12:00 i Hjelme kyrkje	Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Gruppe frå Rong brass deltek. Nattverd
2. juledag 26. des kl. 12:00 i Blomvåg kyrkje	Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Song av jentegruppe. Dåp. Nattverd.
Nyårsdag 1. jan kl. 12:00 i Blomvåg kyrkje	Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd.
Søndag 6. jan kl. 11:00 i Hjelme kyrkje	Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd.

Men har du sett Jesus som lider på korset, som soner for din skyld, som lindrer din nød. Og har du sett Jesus som står opp av graven, gir håp om et nytt liv og seier over død?

Med ynskje om ei velsigna og fredfull jul og takk for året som snart er over.

Venleg helsing

**Erling Vik
Leiar i Øygarden sokneråd.**



Ei god og signerik julehøgtid

Frå sokneprest, stab og sokneråd til alle lesarar av ØyNytt.

Vi er til stades for å tena innbyggjarane i Øygarden! Samstundes vil vi senda ei stor takk til alle frivillige medarbeidarar i eldretreffa, besøkstenesta, søndags-skule, barne- og ungdomsarbeid for god og trufast teneste i 2012.

«De kjenner vår Herre Jesus Kristi nåde, at han for dykkar skuld vart fattig då han var rik, så de ved hans fattigdom skulle bli rike.» (2. Kor. 8,9)

Julefestar

Lørdag 29. des kl. 16:00
Tjeldstø bedehus. Familiefest. Program ved søndagsskulen. God mat! Små og store velkommen!

Søndag 30. des kl. 16:00 Vik bedehus. Familiefest med tale og bevertning. Alle velkommen!

Søndag 6. jan kl. 18:00 Vestre bedehus Blomvåg. Fest der vi får tale ved Leiv Nesheim. Bevertning. Velkommen

Førjulfest for Eldretreffa

Onsdag 12. des kl. 16:30 i Kantina på Tednebakkane

Torsdag 13. des kl. 16.45 i Hjelme kyrkje

Julebord

Lørdag 15. des kl. 19:00 på Vik bedehus har ICHTYS OG KRIK julebord for alle ungdomar. Andakt, god underholning og pinnekjøtt! Påmelding til tlf: 959 19 506.

Vi syng jula inn i Hjelme kyrkje

Søndag 16. des kl. 18.00. Barnekantoriet, Øygardskoret, Rong skulemusikk og gruppe frå Rong brass deltek.



Frå julehefte til salmebok



Av Nils-Petter Enstad

Det skal ha vore ein steikande varm sumardag i 1931. I hagen til Klockargarden i Dale i Sunnfjord sat ein ung mann i skuggen av eit tre og skreiv. Det var lyrikaren Jakob Sande, som to år før hadde gjeve ut diktsamlinga «Svarte næter», ei bok som hadde fått mykje merksemd. Diktet han skreiv no var tinga av juleheftet «Jol i Sunnfjord». Diktet het berre «Jolekveld», og det første av dei fem versa byrja slik: «Det lyser i stille grender/av tindrande ljøs i kveld/og tusunde barnehender/mot himmelen ljosa held».

Alt året etter fekk diktet melodi. Lars Stubhaug, lærar i Vevring i Sunnfjord, laga ein tone og arrangerte han for kor. Songen var mykje nytta og tekst og tone vart trykt i Gula Tidend i 1934. Då ei ny utgåve av Lars Søråas si songbok kom i 1948, var teksten med, men no med ein melodi av Søråas sjølv. Det er denne melodien som sidan har vore knytt til songen, jamvel om i alt ni komponistar har laga melodiar til Sande sin tekst. På 1980-talet var songen folkeeige, ikkje minst takka Sissel Kyrkjebø sin versjon på joleplata hennar frå 1987. Men alt i 1985 sto songen, med Søråas sin melodi, i Norsk Salmebok.

Fem eller fire vers?

Då songen vart publisert første gong, hadde han fem vers. Seinare strauk Sande det siste verset, der han syng om «barnet, Guds son og sonar/som myrkret for evig batt». Det har vore diskutert kvifor han strauk dette verset, om det vart for «kristeleg» for han.

Sjølv sa han at han syntes det var for dårleg. --Ein kan ikkje binde mørket, skal ha vore ein av årsakene han gav. I Norsk Salmebok står alle fem versa, sjølv om familien protesterte mot dette, og syntet til Sande sitt eige ynskje. Salmebokkomiteen endra også «myrkret» i siste line til «døden».

Sande var elles ikkje redd for det «kristeleg» – pasjonssalmen «Du som låg i natti seine» er noko av det sterkaste ein har i salmeboka. Her heiter det i siste verset: «Lær mi sjel kor du laut lida/syn meg såret ditt i sida/styrk og nør mi veike tru». Dette diktet vart skrivne same år som «Det lyser i stille grender», og var også med i samlinga som kom den hausten: «Storm frå vest». Mange har tolka det som ein reaksjon på noko av den kritikken den fyrste samlinga hans fekk, mellom anna frå meldaren i avisa Dagen.

«Det lyser i stille grender» står ikkje i nokon av dei diktsamlingane Jakob Sande sjølv ga ut, heller ikkje i «Dikt i samling», som han sjølv redigerte. Her luka han ut fleire dikt frå dei fyrste samlingane sine. Men då Gyldendal i 1998 gav ut ei ny og komplett utgåve av «Dikt i samling», var også «Jolekveld» frå 1931 med – ein song som hadde vorte elska og mykje sunge i åra som var gått. KPK

Kjelder: Eide, Ove: Jakob Sande – liv – dikting (Det Norske Samlaget, 2006)
Sørebo, Herbjørn: Ein storm frå vest – Jakob Sande, veit eg (Det Norske Samlaget, 2000)



Den norske kyrkja i Øygarden

ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Ansvarleg redaktør: Olav Martin Vik

I redaksjonen: Odd N. Thormodsæter,
Hogne Berland og Anders Vik
Min. kr 125,- innan kommunen
Min. kr 175,- utanom

Kontingent:

kommunen
Takkeannonssar: kr 100,-
Kontonr. 3628.07.02557
Trykk: Bodoni
Distribusjon i Øyg. Terje Sanden tlf.: 4561 3416

Kyrkjekontoret:

Besøksadresse: Rong senter, 2. etasje
Postadresse: Boks 144, 5331 Rong
Telefon: 5638 2240
Faks: 5638 2241
Vakttelefon prest: 5638 2244
E-post: kantor@kyrkja.net
Heimesider: www.kyrkja.net
Ekspedisjonstid: måndag–fredag: 0900–1500

Tilsette:

Kontorleiar: Kari Sandøy Rong
E-post: kantor@kyrkja.net

Barne- og ungdomskonsulent:

Hogne Berland
E-post: pedagog@kyrkja.net
Telefon: 9868 3424

Kantor:

Anne Lise Grøm
E-post: kantor@kyrkja.net
Tlf. 5638 2245/9188 1208

Sokneprest:

Svenn Martinsen
E-post: sokneprest@kyrkja.net
Tlf. 5638 2244/9506 7890

Diakonimedarbeidar:

Björg Blom
E-post: diakon@kyrkja.net
Tlf. 4781 6181

Kyrkjevevjerje:

Olav Martin Vik
E-post: kyrkjevevjerje@kyrkja.net
Tlf. 5638 2243/9326 4400

Kyrkjetenar/kyrkjearb. Blomvåg:

Kåre Kristoffersen, 911 05 197

Kyrkjetenar/kyrkjearb. Hjelm:

Janesh Amenya 958 23 472

Blomvåg kyrkje: 5638 7022

Hjelm kyrkje: 5638 8030

Råda:

Øygarden sokneråd og

Øygarden kyrkjelege fellesråd:

Leiar: Erling Vik

Beredskapsordning for Vesthordland prosti
Tlf. 954 83 655

Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske situasjonar.

Beredskapsordninga gjeld på kvardagar frå kl 1700 til kl 0800 neste dag. Laurdag og søndag gjeld ordninga heile døgeret. Vakttelefonen for Øygarden på dagtid er som før 5638 2244.

Bibeltimar på Nautnes bedehus torsdagar kl 19.00

10. januar:

Møte / bibeltime v/ Kristian Skoge.

21. februar: Bibeltime v/ Jan Bygstad.

14. mars: Bibeltime v/ Odd Sverre Hove.

4. april: Møte v/ Leiv Nesheim.

14.–17. februar vert det møteveke v/ Reidun Skurtveit

Populært skulelag

I Noreg fins det om lag 160 skulelag rundt-
tom på ungdomsskulane som arrangerer
andakt i friminutta. Skulelaget i Øygarden
er eit av dei største.

Tekst: Hogne Berland – Bilete: Silje Vik

Kvar torsdag samlast mange på
Øygarden ungdomsskule for å høyre ein
andakt i storfriminuttet, ofte over 50
elevar. Det er skulelagsstyret, med for-
mann Sander Breivik i spissen, som har
ansvar for samlingane. Medlemmane
i styret leiar samlingane og har nokon
gongar andakt sjølv. Men til vanleg får
dei besøk av nokon utanfrå som bidrar
med dette. Skulelaget har som mål å
vera ei positiv kraft på skulen. Mottoet
for skulelaga i Noreg er: Vi vil gjera
Jesus kjent på skulen, så han vert trudd,
elska og etterfulgt!



Konfirmantar på skulelaget

Den kulturelle skulesekken

Kvart år kjem 6. klassane i kommunen
på besøk i Blomvåg kyrkje i regi av den
kulturelle skulesekken i kommunen.
Dei får læra om kyrkja si historie og om
symbolbruk og kunst i kyrkja.

Tekst og bilete: Hogne Berland

Mange syntes det var spennande å
leita etter symbol i kyrkja og finne ut
kva dei tydde. Det var òg litt ekstra
stas å få prøva presten sine kler. Til
slutt fekk dei prøva seg som kunstna-
rar sjølv ved å måla egne glasmåleri.
Desse finn du utstilt på biblioteket på
Rong senter i desember!



Pepperkakeby på biblioteket

Tekst og bilete: Hogne Berland

Årets pepperkakeby på Biblioteket på Rong senter er den største pepperkakebyen
Øygarden har sett til no! I år er det Torbjørn Egner-år og skulane og barnehagane i
Øygarden har latt seg inspirera av dette. Om du stikk innom her, vil du treffe alt frå
Karius og Baktus til innbyggjarane i Kardemomme by. I tillegg vil du finne kyrkjene
våre med eit kor av pepperkakemenn og damer i midten. Blomvåg skule har laga
kyrkje i Blomvåg, Alvheim skule har laga Hjelme kyrkje, medan Terna barnehage
står bak pepperkakekoret!

Litt om konfirmantåret

Travle ungdommar har mykje dei skal vera med på i tillegg til skule og lekser. Fotball, turn, kulturskule og kor er nokon av aktivitetane ungdommane er med på. I 9. klasse er det for mange konfirmantopplegget som fyller mykje av tida.

Tekst og bilete: Hogne Berland


Nokon trur at å konfirmere seg berre handlar om sjølve konfirmasjonsdagen, men eigentleg startar konfirmasjonstida nesten eit år i framvegen. I slutten av august var årets 55 konfirmantar i gong med undervisninga på Rong senter. Fordelt på 3 klassar møter dei her annankvar veke. Nokon er heilt sikre på at dei vil vera kristne, mens mange er litt usikre på kva dei skal tru og ønskjer å finne ut meir. Uansett eit glimrande utgangspunkt for eit år med konfirmantopplegg. Målet for undervisninga er at konfirmantane skal verta betre kjent med Jesus og få hjelp til å leva eit liv som kristen. I tillegg til undervisning om det grunnleggjande i kristen tru, har ein òg temasamlingar om ulike tema som alkohol, menneskeverd og media.

Utanom undervisninga skal sjølv-sagt konfirmantane delta på ein del

gudstenester. I tillegg vel dei seg ein frivillig aktivitet dei skal følgja gjennom året. Her kan dei velja mellom KRIK på Toftøy, Ungdomsklubben Ichtys på Vik, Gospel Teens i Blomvåg, Ungdomsklubben AHAVA på Nautnes eller bibelgrupper. I år har KRIK vore mest populært.

Eit konfirmantår inneheld òg det som for mange er høgdepunktet, nemlig konfirmantleiren. Dei siste åra har turen gått til Sætervika i Samnanger. Den kan du lesa meir om nede på denne sida. Nyleg er òg innsamlingsaksjonen avslutta, der konfirmantane gjekk med bøsser rundt til husstandane i Øygarden.

Til deg som skal vera konfirmant frå hausten 2013: Gled deg til eit innhaldsrikt år!



Konfirmantleir

Klar. Ferdig. GÅ! Nokon spring for harde livet over grusbana og bort til ein av fiendens basar. Nokon snik seg rundt i skyggene, prøver å ikkje bli sett av motstandarar, medan andre (mesteparten av jentene) surrar litt rundt, ser nervøst rundt seg og prøver å passe på flagget til laget sitt. «Capture the Flag» er starta og fredagskvelden på leir er i gang.

Tekst og bilete: Silje Vik

Mange slitne og raudmosne andlet, nokon glade, andre med ei sur mine for å ha tapt. Men kvelden er fortsatt ung og som forventa vert det ei lang natt for dei aller fleste, både deltakarar og leiarar

Laurdagen vert det arrangert Crazy Games, med oppgåver som å ete frå ei bleie, lage dikt, fortelje om leiren frå A–Å og lage eit tårn med spaghetti og marshmallows. Det vart også kanotur i

regnvêret, fotball på loftet og makramé i peisestova. Om kvelden vart det arrangert underholdningskveld og kafé med smoothie og brownies.

Tema for leiren var **#Oppositeway**. Hogne hadde bibeltimer om å gå mot straumen og vi fekk andakt av både Therese Dale og Ole Magnus Urhaug. Hugs at Jesus gjekk den vanskelege vegen for åpne ein ny veg for oss!



Filmkveld på Vik bedehus





Konfirmant Joakim Blomvågnes Hammer er fornøgd med fangsten.



Leik på konfirmantundervisninga

Resultat SKRIK-aksjon

Oppteljinga etter bøssebæringa 27. november, viste eit resultat på 29 814 kroner til konfirmantane sin SKRIK-aksjon! Pengar som går direkte til KRIK-arbeid i Aust-Afrika. Pengane vil verta brukt til å driva kristne idrettsklubar for gateborn. Tusen takk til alle som gav, til foreldra som køyrde og ikkje minst til konfirmantane!

3.-4. klasseleiren

Det er ikkje berre, berre å skulle overnatte heimifrå for fyrste gong. Men dei 41 deltakarane på årets 3.-4. klasseleir tok utfordringa på strak arm.

Tekst: Hogne Berland – Bilete: Laila Øyen

Det er alltid litt vanskeleg å få sove første kvelden, men på lørdagen er alle husvarme og klar for ein aktiv dag. Dagen starta med bibelsamling og vi fekk høyre om den raude tråden i Bibelen. Kvifor kom Jesus til oss i jula og kva viser Bibelen oss vegen til? Det vart også tid til både baking, julekortverksted, fotball og leikar før kvelden vart avslutta med kveldssamling og underholdningskveld. Med på leiren var også ein heil del unge leidarar, nokon konfirantar og til og med to frå 8. klasse. Dei skal ha ein ekstra takk for ein imponerende innsats!



INTERNASJONALT PÅ EUROSPAR-BUTIKKEN PÅ RONG

Fleire av våre nye landsmenn i Øygarden finn vi på Sparbutikken. Då ØyNytt besøkte butikken ein dag i november, var fleire av desse i arbeid.



På biletet ser du frå venstre Aniso Yusuf Ali frå Somalia, Berhane Habte frå Eritrea, Heidat Beyene frå Eritrea, Mussie W Tesfai frå Eritrea. Heilt til høgre sjefen for sparbutikken, Thorleif Hellesøy.

I tillegg til desse jobbar Jantra Sripakdee Oen, Suchada Sae-Ou (Ging) og Adonay Beyene Asfaha på denne arbeidsplassen.

Vi slo av ein kort prat med Heidat Beyene frå Eritrea.

Han kunne fortelja at han kom til Norge i 2010 og hamna i Øygarden på hausten same året. Her trivst han godt. Dersom han kan få fast arbeid vil han gjerne fortsetja å bu her. Sidan han og dei andre frå Eritrea er katolikkar, søker dei åndeleg fellesskap i St. Paul kyrkje i Bergen.

Kvifor reiste du frå Eritrea?

– På grunn av den politiske situasjonen med eit diktatorisk styresett var det svært vanskeleg for ein ungdom ha ei framtid der.

Feirar du jul?

– Sjølv sagt. Julia er for meg den viktigaste høgtida. Det er jo då vi feirar at Jesus kom for å frelsa oss!

ØyNytt sin redaksjon vil ønska desse medarbeidarane i Sparbutikken ei vel-signa julehøgtid!



Toftøy barnehage opnar 2. januar 2013

Under visjonen «Ekte glede på sikker grunn» kan over 100 born og nærare 30 tilsette gleda seg over at den nye barnehagen på Toftøy kan takast i bruk tysdag 2. januar 2013.

Årsplanen for barnehagen fortel om frisk satsing der natur og friluftsliv, song og musikk og utvida kristen formålsparagraf m.a. er viktige element. Borna skal få utfolda skaparglede, undring og utforskartrong. Barnehagen vil også, i nær forståing med og i samarbeid med heimen, hjelpa til med å gi borna kristen oppdraging i eit godt og trygt miljø.

Det vert lagt opp til eit godt samarbeid med foreldra på alle område.

Toftøy barnehage er privat og det er NLM-Barnehage i Øygarden AS som eig og driv barnehagen. Styreleiar Jakob Blom fortel at samarbeidet med kommunen har vore godt heilt frå starten og gjennom eit tydeleg vedtak i kommunestyret har NLM fått stor tillit som barnehagedrivar i Øygarden. Det har vore eit godt samarbeid mellom NLM og administrasjonen i kommunen heile vegen seier Jakob Blom.

Dei tilsette er motiverte for oppgåva. Fleire av dei tilsette kjem frå tidlegare

Havly barnehage og barnehagen som NLM har drive mellombels på oppdrag frå kommunen i brakkene og i den «gamle» skulebygningen på Toft.

Ingunn S. Harkestad er styrar utover i 2013 medan Unni Hauge Rørvik har permisjon.

Offisiell opning vert 11.1.2013. Programmet for denne dagen, med mellom anna høve for omvisning i barnehagen, vert annonsert særskilt seier styreleiar Jakob Blom.

NÅR NOKON DØYR

Litt om det praktiske

Mange kjensler kjem frå når nokon som står oss nær døyr. Ein lid eit smerteleg tap. I tillegg dei mange kjenslene ein skal ta hand om i slik situasjon, kjem mange praktiske oppgåver. Mange opplever at det er vanskeleg i sorg og sagn å samla tankane og hugse alt som skal gjerast. Då er det godt å oppleva støtte og ei handsrekning frå familie, naboar og vener.

Kommunen har og flinke folk som hjelper til når det kjem tunge kriser i livet. Kyrkja har diakonimedarbeidar som er ein viktig fagleg hjelpar når livet vert krevjande.

Gjennom denne artikkelen gir me litt praktisk informasjon om kyrkja si rolle ved dødsfall og korleis du kjem i kontakt med oss.

Presten, råd og rettleiing

Me som arbeider i kyrkja er her for deg og gir råd og rettleiing ved dødsfall. Det er vår oppgåve. Presten har ei særleg rolle, enten døden kjem brått eller venta. Presten skal hjelpa sørgjande, møta dei til sorgsamtale og er sentral i gravferda. Det er ikkje sjølvstøtt at presten skal vera med på svøpningseremonien/båreandakt. Det må avtalast særskilt med presten og ein står fritt til å nytta andre som andaktshaldar.

Du spør deg gjerne, korleis får eg tak i presten eller dei på kyrkjekontoret ved dødsfall?

Vakttelefonar 24

timar i døgeret (Øygarden)

Slik fungerer det: Når du treng prest i ein akutt situasjon ringer du telefon 56 38 22 44 på dagtid mellom kl. 08.00 og kl. 17.00. Etter kl. 17.00, i helgene og måndag ringer du telefon 954 83

655. Dersom du ikkje får svar direkte er det svært viktig at du ligg att beskjed på telefon-svararen. Presten som har vakt (i Vesthordland prosti) kan vera oppteken i teneste og det er viktig at du ligg att namn og telefonnummer slik at presten raskt kjem i kontakt med deg. Du finn også telefonnummera i alle utgåver av ØyNytt og på vår nettside, www.kyrkja.net.

Kontoret

Kyrkjekontoret i Øygarden har ekspedisjonstid måndag til fredag mellom kl. 09.00 og kl. 15.00, telefon 56 38 22 40. Utanom kontortid er det telefonsvarar som gir rettleiing om vakttelefonar. Enkelte dagar kan ekspedisjonstida vera redusert på grunn av teneste utanfor kontoret.

Før gravferda/bisettinga

- tidspunkt for gravferd

Øygarden kyrkjelege fellestråd er gravferdsmyndigheit i Øygarden. I praksis betyr det at

det er kyrkjevevje eller kontorleiar ved kyrkjekontoret som fastset gravferdstidspunkt og melder frå til dei som skal gjera teneste ved gravferda, også presten. Som oftast vert dette avtalt via eit gravferdsbyrå som tek seg av det praktiske saman med pårørande. Kyrkjekontoret har god dialog med gravferdsbyråa. Musikk og songval skal vera innanfor kyrkja sine rammer.

Kyrkjevevja tek omsyn til ynskje om gravferdstidspunkt, men må vurdere dette opp mot fleire dødsfall med påfølgjande gravferder og anna bruk av kyrkjene. Kyrkjevevja

fastset også plassering av grav på gravplassen eller at det er ei festa grav som skal nyttast.

Personar som ikkje er busett i Øygarden eller er utmeld av Den Norske Kyrkja gjeld må henvenda seg til oss for ei nærare orientering, eventuelt at byrået gjer det. Ikkje ver redd for å ta kontakt med oss. Me har teieplikt og gir råd og rettleiing ut i frå det som er vår oppgåve når døden rårkar.

Trusopplæring i Øygarden

Vik bedehus inviterer øygardsfolket til trusopplæring i vårsemesteret. **Karl Johan Hallaråker**, teolog og tidlegare bibelskule- rektor på Bildøy og tidl. generalsekretær i Indremisjonsforbundet, vil stå for undervisninga fire kveldar med to timar kvar gong.

Hallaråker gav ifor ut ei ny truslære, «Vi tror sammen» Denne boka vil danna grunnlag for undervisninga. Boka er ei heilheitleg framstilling av den kristne trua. Boka har også spørsmål og arbeidsoppgaver til kvart kapittel. Fleire rundt i landet brukar boka som studiebok i bibelgrupper. Boka har naturleg nok evangelisk - luthersk profil, men legg samtidig vekt på å inkludere andre på ein sakleg måte.

Undervisninga vil konsentrere seg om sentrale og aktuelle tema i den kristne trua, og har som målsetjing utsegna frå apostelen Paulus i 2Tim. 1:12 slik at etter desse kveldene skal deltakarane kunna seia: Eg veit kven eg trur på. Kveldene er: 15. januar, 12. februar, 12. Mars, 16. April kl 19.30

Det vert to undervisningstimar kvar kveld med ein kort kaffipause i mellom.

Velkommen til trusopplæring.

Kyrkjeordning etter 2013

v/Olav Martin Vik

Grunnlova er endra av Stortinget. Noreg har ikkje lenger ein statsreligion. Kyrkjelova er endra og kyrkja må organisert, delvis fristilla frå staten. Kyrkjeforliket går ut i 2013, ved nytt stortingsval. Det går difor no ein prosess om organisering, styrt av Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Spørsmåla er om sokn og fellestråd skal slåast saman til større einingar, kven som skal ha leiaransvar, kor mange styringsnivå det skal vera osv.

Målet er at denne prosessen skal gå mot ein konklusjon i 2015-2016. Sentralt står også spørsmålet, kva meiner politikanane om kyrkja si rolle i samfunnet i åra som kjem og vil politikanane også i framtida ha ei hand på rattet i styringa av kyrkja.

«Øygarden kyrkjelege fellestråd / Øygarden sokneråd har drøfta fram-

tidig kyrkjeordning omtala som «Kyrkjeordning etter 2013» og har denne uttalen i tillegg til spørsmåla i Refleksjonsdokumentet:

Kyrkja lokalt ikkje er tent med ei sterk sentralisering. Nærleik til menneska ein skal tena er viktig. Det er viktig at kyrkja er synleg i og tett på lokalmiljøet og kommunen, både som kyrkje men og som forvaltningsorgan.

Kyrkjekontoret er også tett på dei frivillige medarbeidarane. For stor avstand skapar avstand til arbeidet og menneska i organisasjonen, frivillige eller dei kyrkja skal tena og er til for.

Øygarden kyrkjelege fellestråd og Øygarden sokneråd si lokale organisering fungerer, det same gjer staben i kyrkja. Samarbeidet med prest og på prostnivå fungerer godt.

Øygarden kyrkjelege fellestråd / Øygarden sokneråd meiner at ein kan

vidareføra ei todelt line når det gjeld leiing og personalansvar, der bispedomenivå og prostnivå vert vidareført og biskopen har arbeidsgjevaransvar og tilsyn for vigsla tilsette. Ved tilsetting av vigsla personar skal soknerådet tilrå tilsettinga. Denne tilrådinga skal vega tungt ved tilsetting.

Ein er klar over at ei kommunesamanslåing kan endra biletet, eller at framtidig finansiering av kyrkja kan tvinga ein inn i større einingar men det må ein ta når den tid kjem. Det er naturleg å utvikla eit godt samarbeid, også på det faglege området, i prostiet.

Dette er Øygarden kyrkjelege fellestråd/Øygarden sokneråd sin uttale, basert på den erfaring ein har med organisering og arbeidet lokalt og regionalt. Den kan vera konservativ, men oppsummert er det slik: Kvifor endra det som ein oppfattar fungerer godt?»

Kort-nytt frå Kristeleg pressekontor

Foreslår enklare valordning i kyrkja

Kyrkjerådet vedtok 28. september å foreslå ei enklare valordning når det gjeld val av medlemmer til bispedømmeråd. Ved vala i 2009 og 2011 vart val av bispedømmerådsmedlemmer gjennomført som preferanseval. Erfaringane viser at mange hadde problem med å skjønne valordninga. 9 prosent av røystene vart forkasta, dei aller fleste fordi dei ikkje hadde gjort noka prioritering av kandidatane, noko valordninga ikkje tillet.

No foreslår Kyrkjerådet at valet skal gjennomførast som fleirtalsval med kandidatlistar som er prioritert av nominasjonskomiteane i bispedømmet, og med same oppteljingsmåte som vart nytta ved soknerådsvalet i 2011.

På Kyrkjerådet sitt møte denne veka vart det understreka at forslaga inneber at kyrkjelege val kan gå føre seg både som fleirtalsval og forholdstalsval. Det vil i så fall innebere at det vil vere mogleg å etablere alternative lister også ved bispedømmerådsvalet.

Forslaget vert no sendt ut på høyring i kyrkjelige organ. Kyrkjemøtet skal i 2014 vedta dei valreglane som vil gjelde for kyrkjevalet i 2015. KPK.

Barnebok om flyktning

I KO-forlaget kjem no med boka Armels hevn av forfattaren Nicki Cornwell. Boka handlar om Armel som kjem som flyktning frå Kongo til England. Armels hevn er ei frittståande fortsetjing av boka Arret som same forlag gav ut i vår. Boka er skriven for barn i 10-12-årsalderen. Gjennom Armels historie får lesarane kome nærare ein konflikt som igjen har vorte aktuell. KPK.

VELKOMMEN TIL LAURDAGSKAFE - HELLESØY BEDEHUS!

Vi møtes til dros og hyggeleg samvær
for store og små kl. 13.00–15.30 den:

12. og 26. januar 09. og 23. februar
Trenge du skyss, ring Roald Svellingen tlf. 905 44 631

*Helsing
Styret i Hellesøy bedehus og
Nærmiljøutvalget bakken krins*

Anne Lise Grøm 60 år



Vår kantor, Anne Lise Grøm fylte 60 år 30. november. Anne Lise tok til som organist i Øygarden prestegjeld i 1990. Før det var ho organist på Bømlo og i Sund. Frå 1996 vart Øygarden kyrkjelege fellelsråd arbeidsgjevar og stillinga vart etter kvart gjort om til kantor med ansvar for kyrkjemusikk og kor i tillegg til å vera organist.

Anne Lise spelar trufast til gudstenester, bryllaup og gravferder. Ho arrangerer konsertar og har eit særleg engasjement for barnekantoriet og Øygardskoret som ho jamleg øver med og har konserter med. Me gratulerer Anne Lise så mykje med 60-årsdagen og ynskjer alt godt for dagane som kjem.

Erling Vik

Leiar i Øygarden kyrkjelege fellelsråd

Kyrkja og økonomien framover - frå fellelsrådet sitt budsjettmøte

Kyrkja er ei sjølvstendig eining, men det er kommunen som yter midlar til kyrkja i samsvar med føringar frå staten. Den økonomiske ramma for 2012 var omtrent like stor som for 2006, med unntak av husleiga som har endra seg som følgje av flytting frå rådhuset til Rong senter. Husleiga vert dekkja av kommunen.

Kyrkja i Øygarden har hatt gode økonomiske rammevilkår gjennom mange år, men har samstundes gjennomført kostnadsreduksjonar i tråd med det som vert gjort i kommunen. Utfordringa er at det ikkje er så mange pengar å flytta på, postane er små og til slutt vert det ei urealistisk budsjettering i høve faktiske utgifter.

Løns- og prisvekst maktar ikkje kyrkja lenger å ta innfor eige budsjett. Det betyr at tenestenivået må reduserast. Korleis dette skal gjerast må fellelsrådet vurdere tidleg i 2013.

Øygarden kyrkjelege fellelsråd som er det styrande økonomiorganet i kyrkja må gjera ytterlegare kostnadsredukerande tiltak i 2013. Det vert vanskeleg på sikt å koma utanom reduksjonar som vil gripa inn i kyrkja sine tenester og tilbod. Fellelsrådet må avventa si endelege budsjetthandsaming til kommunestyret i Øygarden har vedteke budsjettet for 2013. Det skjer 12. desember.

Bergen & Omegn

BEGRAVELSEHJELP

POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv

Knut Helge Polden

Espen Polden

Tom Wilson

Heine Polden

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50

Kjøp kjapt, trygt og billig

KIWI mini pris

Søre Sæle

Tlf. 56 38 71 20

Mand – fred kl.08.00 - 22:00

Lørdagar 08:00 – 20:00

**Det er vi
som bygger Øygarden**



Tlf. 56 38 28 00 - Fax 56 38 28 09

Adr. Påluneset, 5337 Rong

www.th-bygg.no

Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca. 100 personar.
Arrangerer bryllaup,
konfirmasjonar og andre
tilstellingar.

Kan levera mat til alle
anledningar.
Middag, koldtbord og snittar.

Tlf. 92 54 45 69

Vest Modul AS

5336 Tjeldstø

- Tilbygg
- Nybygg
- Rehabilitering
- Montering og utleige av brakker



Normann 958 19 905

Ingvard 958 10 967

Trelastlager Tjeldstø



Åsane Begravelsesbyrå AS

v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES

Døgnvakt tlf.: 5518 9000

Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

E-post: post@solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

Sotra Omegn

BEGRAVELSESBYRÅ

- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

Tlf 56 32 08 90 hele døgnet

Skjenet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)

Ønsker du sol hjem?

Vi kan tilby 12 rørs solhimler eller solseng med høy kvalitet. Du ringer - vi bringer!

Vi forhandler også solariums krem og -briller

B-P-S Solutleige

v/Arvid Rong 5337 Rong

Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22

Mobil: 918 56 258

Øygarden
elektriske as

Tlf.: 56 38 24 40

Fax: 56 38 24 41

Mobil: 928 41 790

E-mail: post@oygarden-elektriske.no

SparebankenVest

– satsar på Vestlandet



- Ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

EUROSPAR

Fisk - og ferskvarespesialisten	Fristende frukt og grønt
Innholdsrik betjent ostedisk	Nydelige nystekte bakervarer
Velsmakende varm mat	Herlig salat - og fruktbar

Måndag - fredag 8-22, Laurdag 9-20

Bank i Butikk **EUROSPAR Rong** tlf. 56 38 71 40



- Snitter
- Koldtbord
- Varmmat
- Baguettar
- Koldttallerken

Rong Catering a/s

Tlf.: 56 38 74 54

Vi formidlar blomster til innland og utland



Blomsterbua

Rong Senter
Telefon: 56 38 92 65
Postboks 107, 5331 Rong



trend Frisør RONG SENTER

Eigne prisar for pensjonistar
Lange tirsdag

TIMEBESTILLING 56 38 73 90

-din el-kontakt

VESTGAR ELEKTRO

Postboks 30, 5331 Rong
T: 56 38 94 73
E-post: post@vestgarelektro.no
www.vestgarelektro.no

Torsvik ELEKTRO

Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/parabolanlegg
Elektroverksted
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00
Vakttelefon: 922 34 062

www.torsteinsvik.no

Øygarden hud & kroppspileie skifter navn til

LT hudpileie

Og har flyttet til
Ågotnes helsehus.

Følg oss på facebook.

Velkommen til nye lokaler!

Tlf 5638 9515



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiavtale
- Gass



BLOM SERVICESENTER AS

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80
Godkjent bilverksted

Bokhandelen som setter kristen litteratur og musikk i fokus



Bok & Media* Vestbok
Vetrlidsallmenningen 1 5014 Bergen
Tlf: 55 31 79 63
www.vestbok.no

TIL LUKKE



70 år!

17. des Irene Olaus Solveig Nautnes, Stormyrv.
20. des Kari Marie Kleppstø, Arsettunet
21. des Åshild Margrete Hellesøy, Hellesøyv.
22. des Berta Marie Gjengedal, Bruberget
26. des Sigrunn Marie Kirkevik, Knarvik
1. jan Jonny Max Jensen, Storevarden
11. jan Victor Wichman, Vågshøyen
12. jan Trygve Georg Polden, Nordvikklubben
19. jan Normann Peder Torsvik, Torsvikvegen
8. feb Henrik Hellesøy, Hellesøykaiaen
9. feb Gunnar Fjæren, Onevegen
18. feb Jenny Oddbjørg Nilsen, Solvanghøyen
2. mar Svein Skjold, Tjodnarvegen
9. mar Frank Skjold, Alvøyvegen

75 år!

6. des Marie Pernille Skarveland, Vestrev.
29. des Rolf Kristiansen, Storhøyen
2. jan Eli Oline Oliversen, Nesvegen
16. jan Hans Leon Kuven, Sundevika
2. feb Svein Oddmund Lokøen, Tjeldstøv.
11. mar Bjarne Skjold, Skigardshøyen
14. mar Jens Gerhard Landro, Raunholevegen

80 år!

31. des Sigmund Hellesund, Utnesdalen
15. jan Marie Skråmestø, Råkebakkane
16. jan Alf Martin Torsvik, Sjøvegen
18. jan Rikke Herdlevær, Toftedalen
29. jan Peder Alvheim, Alvheimsvegen
20. feb Karin Pernille Fjeldstad, Dammane
22. feb Aslaug Elvira Torsvik, Solvang
23. feb Olav Annfinn Mikkelsen, Knarrevikv.
6. mar Anna Karina Tjong, Alvøyvegen

85 år!

22. des Kamilla Heggøy, Tjeldstøvegen
2. jan Karl Annfinn Blom, Blomgangstø
23. jan Johanna Ågot Torsvik, Arsetlia
26. jan Konstanse Kårbø, Dammane
2. mar Borghild Hellesund, Sæløyvegen
4. mar Kristine Knutsen, Hanelen
5. mar Gerhard Arthur Torsvik, Bedehusv.
6. mar Aud Magnesen, Nesevegen

90 år!

4. feb Anna Sæther, Stølemyrvegen

95 år!

19. feb Kristen Fjeldstad, Tjeldstø

DØYPTE

Blomvåg:

Kaila Mikaela Alvheim, Rossnesvegen
Gabriel Tabio Herdlevær, Langholmen
Kristian Halvorsen Turøy, Helgebrekka

DØDE

Blomvåg:

Marta Helena Rong,
Tjodnarveien f. 1918
Johannes Olai Vilhelmsen Oen,
Særbergsv, f. 1924
Kåre Agnar Vik, Nesttun f. 1948

INNKOMNE OFFER

Hjelme

17/6	For Bibel og Bekjennelse	kr. 2396,50,-
1/7	Norsk Gideon bibelmisjon	kr. 2927,-
15/7	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 1751,-
5/8	Evangeliesenteret	kr. 1965,-
26/8	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 1455,-
9/9	Den Norske Israelsmisjon	kr. 4519,-
23/9	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 2869,-
7/10	Norsk Lærarakademi	kr. 2996,-
21/10	Bergen Sønd.skulekrets	kr. 5459,-
4/11	Normisjon	kr. 3981,-
18/11	Stefanusalliansen	kr. 3708,-

Blomvåg

24/6	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 1693,-
8/7	Strømmestiftelsen	kr. 1775,-
19/8	Norsk Lærarakademi	kr. 4795,-
2/9	Fjellheim bibelskule	kr. 3447,-
16/9	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 3651,50,-
30/9	Bergen Sønd.skulekrets	kr. 5404,-
14/10	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 4059,-
28/10	Tv-aksjonen	kr. 3207,-
11/11	Stefanusalliansen	kr. 4118,-
25/11	Den Indre Sjømannsmisjon	kr. 3765,-



MISTET

Noen ganger mister vi en paraply eller en hanske. Andre ganger opplever vi å miste noe mye mer alvorlig. For disse tapene finnes Kirkens SOS, mennesker med erfaring i å lytte til og støtte andre. Ring oss anonymt når som helst på 815 33 300 eller kontakt oss på kirkens-sos.no. Vi er her. Alltid.



GUDSTENESTER

16. des Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste v/ vikarprest. Born deltek. Dåp.

16. des Hjelme kyrkje kl. 18.00

Vi syng jula inn med Barnekantoriet, Øygardskoret, Rong skulemusikk og gruppe frå Rong brass

24. des Tedenbakkane Omsorgs. kl. 11:00

Julaftangudsteneste v/ Svenn Martinsen.

24. des Blomvåg kyrkje kl. 14.30

Julaftangudsteneste v/ Svenn Martinsen. Kine Oen og Renate Sæle frå Rong brass deltek.

24. des Blomvåg kyrkje kl. 16.00

Julaftangudsteneste v/ Svenn Martinsen. Gospel Teens deltek

24. des Hjelme kyrkje kl. 16.00

Julaftangudsteneste v/ vikar. Barnekantoriet syng og Belinda Hellesund frå Rong brass deltek.

25. des Hjelme kyrkje kl. 12.00

Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd. Gruppe frå Rong brass deltek.

26. des Blomvåg kyrkje kl. 12.00

Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Song av jentegruppe. Dåp. Nattverd

1. jan Blomvåg kyrkje kl. 12.00

Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd

6. jan Hjelme kyrkje kl. 11.00

Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd

13. jan Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Høgmesse v/ Erling Kopperud Nattverd.

20. jan Hjelme kyrkje kl. 11.00

Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd.

27. jan Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd.

3. feb. Hjelme kyrkje kl. 11.00

Høgmesse v/ Helge Unneland. Nattverd.

10. feb Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Sprell Levendegudst. v/ Svenn Martinsen. Utdeling til 4 åringer.

17. feb Hjelme kyrkje kl. 11:00

Sprell Levendegudst v/ Svenn Martinsen. Utdeling til 4 & 5 åringer.

24. feb Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd.

3. mars Hjelme kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/ Helge Unneland Nattverd.

10. mars Blomvåg kl. 11:00

Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd.

17. mars Hjelme kl. 11:00

Familiegudsteneste v/ Svenn Martinsen. Dåpsskolen deltek. Song v/ Barnekantoriet.

24. mars Blomvåg kl. 11:00

Familiemesse v/ Svenn Martinsen. Song v/ gruppe. Nattverd.

Bankande hjarte for Open Heart

Også dette året er givargleda og dugnadsinnsatsen stor i Øygarden for å få sendt gåver til Ukraina gjennom organisasjonen Open Heart. (Sjå eigen faktaboks) Leiar for dugnadsgjengen på 6–7 personar er Unni Rong Instefjord. Vi møter henne i innspurten i arbeidet med få ferdig årets pakketransport. Dei passerer snart 1000 pakkar som skal til fattige barn i Ukraina.

Av Odd N. Thormodsæter



–Når starta du dette dugnadsarbeidet, Unni?

Det er no fem år sidan eg fekk ein visjon frå Gud om å gå inn i slikt arbeid. Vi starta med innsamling av brukte klede. Etter kvart utvida vi dette arbeidet til også å omfatta nytt tøy, sko og leikar.

– Kva inneheld pakkane dette året?

Først og fremst prøver vi å gje barna klede frå inst til ytst, merka med alder og kjønn.

I tillegg har 4. klasse ved Blomvåg skule vore med å laga julelappar og snopepakkar. Det er festleg å sjå det store engasjementet elevane har vist i dette arbeidet.

FAKTA OM STIFTELSEN OPEN HEART

Einmannsføretak, leia av Halvard Hasseløy i snart 20 år.

Fokusert på hjelp til dei aller fattigaste i Aust Europa.

650.000 menneske får gjennom denne organisasjonen hjelp kvart år.

Hjelpesendingane frå Øygarden går i hovudsak til fattige familiar i Ukraina.

Dagens situasjon: Enorm arbeidsløyse fører til ekstrem fattigdom. Mange arbeidarar har ikkje fått løn på fleire år. Det fører til at mange bur i skur og hytter utan vatn, varme eller lys. Skulebarn må halda seg heime frå skulen fordi dei ikkje har sko eller klede. Barn og vaksne svelt seg sjuke. Dødssjuka menneske manglar medisinar og behandlingsplassar. Jenter frå 12 årsalderen prostituerer seg for å få mat til neste dag. Nauda driv folk til stinkande søppelfyllingar for å finna noko å eta eller selja. Dette er dagens realitetar, men det er framleis mulig å endra noko til det betre gjennom den hjelpa Open Heart driv.

– Kven er det som gir desse gåvene?

Frå enkeltpersonar og bedrifter har vi fått det vi treng. Gud opnar dører som vi ikkje visste fanst.

Som døme på dette kan eg nemna at frå Spar Kjøp har vi dette året fått 12 pallar med barneklær av fjorårsmodellar som ikkje lenger var aktuelle for sal.

– Det skal mykje til også av pengar for å få dette til å gå rundt. Kor hentar de desse midlane?

Vi har fått midlar gjennom Øygarden kommune og ungdomsskulen. I tillegg er det bøsser på butikkar og bensinstasjonar i Øygarden. Desse bøssene kan brukast av folk heile året.

– Mange er skeptiske til at slike hjelpesendingar ikkje kjem fram til dei som verkeleg treng det. Kan ikkje desse pakkane også lett gå på svarte-børsmarknaden i landet?

Open Heart har skikkeleg kontroll på desse sendingane. Medarbeidarane til Open Heart er nøye med at dette berre går til fattige familiar. Ved besøk i landet har vi med eigne auge sett at hjelpa kjem fram!

– Kva er målet ditt med dette arbeidet?

Godt å kunna bidra litt for å hjelpa folk i den yttarste nød og gjennom dette få fortelja at Gud er glad i dei! Dei som er med og pakkar ser at dette er eit Guds verk. Vi er privilegerte som får med og oppfylla noko Gud har bede oss om. Vi får inspirasjon gjennom ordet frå Josva 8,1: «Ver ikkje redd og mist ikkje motet»

Unni vil gjerne leggja til at utan gode medspelarar både i Øygarden og i Ukraina, hadde dette ikkje vore råd å gjennomføra.

Takk til alle som også dette året har vore aktive i arbeidet med pakking og levering av gåver!



Glade og takksame ukrainske barn med pakkar frå Øygarden.